



Agnes Hoshovde Bernes
Vetåsvegen 161
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1996 - 16/4465

Saksbehandlar:

Rolf Sandstad

rolf.sandstad@radoy.kommune.no

Dato:

01.04.2016

Oppdatert referat frå SU/SMU-møte Sæbø skule 28.01.2016

Tid: 28.01.2016 kl.18:30 (utsett ein halv time frå innkalling i går)

Stad: Møterommet Sæbø skule

Forfall: Agnes Hoshovde Bernes meldte forfall. Vara Jon Askeland kunne ikkje møta. Bjørg Lilletvedt hadde forfall, Robert Lorang Hansen møtte som vara.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av referat frå sist møte
3. Høyrig. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Radøy kommune.
4. Skulen har fått 500.000kr i investeringsmidlar 2016 til uteområdet.
5. Årsplan/ Møteplan for arbeidet i SU/SMU for framtida på Sæbø skule.
6. Heimesida til skulen
7. Korleis jobbar skulen med tidlig innsats.
8. Ordensreglar på Sæbø skule
9. Elev og foreldre undersøkelse på Sæbø skule. Status (har vi hatt/ har vi planlagt/ hva er gjort med resultat osv).
10. Saker frå FAU-møtet 20.01.16
 - Mobilbruk i skulen
 - Ordensreglane
 - Skulen si heimeside
11. Eventuelt

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent med desse justeringane. Sakene frå FAU: Ordensreglane, vert handsama i sak 8. Mobilbruken er ein del av ordensreglane, og går inn i same sak. Skulen si heimeside vert handsama i sak 6. Det kunne vore meir underlag på ein del av sakene. Sakliste og underlag bør vera ute ei veke før møtet.

Samrøystes vedtak

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Sak 2: Godkjenning av referat frå sist møte
Møtereferatet vart samrøystes godkjent

Sak 3 Høyring. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Radøy kommune.

Planen er omfattande, og vi ønskjer å setja fokus pe aktuelle anlegg i skulen sitt nærområdet. Dette vil koma alle borna i skulekrinsen til gode i skuletida, og ein stor del av borna i fritida.

SU/SMU ber om at desse tiltaka får plass på den prioriterte handlingsdelen av planen :

- Oppgradering av ballbingen
- Balløkke i området ved klatrejungelen
- Oppgradering av nærmiljøanlegget ved Sæbø skule.

Leiar og sekretær får ansvar for å arbeida med konkrete planar for desse punkta. Ein må sjå dette saman med investeringsmidlane, jamfør sak4.

Samrøystes vedtak

Sak 4: Skulen har fått 500.000kr i investeringsmidlar 2016 til uteområdet.

Denne saka kan til dels sjåast saman med sak 3. Investeringsmidlane kan nyttast til å få spelemidlar slik at pengane rekk lengre.

SU/SMU set ned ei arbeidgruppe for å arbeida med korleis midlane til uteområdet ved skulen kan nyttast best mogleg:

Rolf, elevrådet ved Elise og Ivan, Robert, Solveig. Rolf kallar inn. Prioritert sak!

Samrøystes vedtak.

Sak 5: Årsplan/ Møteplan for arbeidet i SU/SMU for framtida på Sæbø skule.

Viser til vedlagt veileder for Skulemiljøutval. Leiar hadde laga eit utkast til årsplan for arbeidet. SU/SMU tok dette til orientering. Alle møtedeltakarane fekk ansvar for å setja seg inn i planen til neste SU/SMU-møte. Elevrådet, FAU og tilsette gir tilbakemelding i forkant av neste møte. Vedtak i saka neste møte. Leiaren sitt utkast vert lagt med referatet frå møtet.

Samrøystes vedtak.

Sak 6: Heimesida til skulen

SU/SMU uttalar:

Heimesida til skulen er ein viktig informasjonskanal mellom skule og foreldre. Skulen må bli bevisst på bruken av nettsida til positiv marknadsføring av skulen. Flamlegg til stoff til heimesida bør vera fast post på teammøte kvar måndag.

Robert har sagt seg villig til å å hjelpa til med å få ting publisert på heimesida.Referat fra FAU, SU/SMU og Elverrådet skal publiserast på heimesida til skulen. Referat sendes Rolf og Robert.

Samrøystes vedtak.

Sak 7: Korleis jobbar skulen med tidlig innsats.

Rektor orienterte kort.

Bakgrunnen for omgrepet kjem frå denne uttalen frå statsråd i den raudgrøne regjeringa: «Skulen skal bli betre til å fange opp, og følge opp dei som treng hjelp og støtte». Kristin Halvorsen.

Sæbø skule har godt system på gjennomføring av kartleggingsprøvar og testar. Vi nyttar Vokal til registrering av desse prøvene.

Store utslag som gir grunnlag for bekymring vert drøfta med spesialpedagog og rektor for vidare tiltak.

Saka vart teke til orientering

Sak 8: Ordensreglar på Sæbø skule

Skulen sine ordensreglar blei utarbeidd skuleåret 2013-14. Reglane er utarbeidd av skulen, og handsama i FAU, SU/SMU og godkjent av Radøy formannskap våren 2014.

FAU har sett på reglane, og tenkjer det er grunnar til ei oppjustering. Dei uttaler at ulike faktorar påverkar læringsmiljøet og speglar dei verdiar ein ønskjer at skulen skal byggja på. FAU ønskjer at ordensreglane vert justert slik at ein får positive formuleringar i enklast mogleg språkdrakt.

Rektor rår til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå tilsette, elevane og foreldra.

Mandat:

SU/SMU ser at det er behov for justering av språkbruken i reglane slik at dei vert meir positivt formulert utan at dei vert mindre presise av den grunn. Språket må vera enklast mogleg. SU/SMU ønskjer og at innsamling av mobilar i skuletida vert vurdert av denne arbeidsgruppa. Utvalet må og sjå om det kan vera aktuelt med ein ekstra forenkla versjon som er meir forståeleg for dei minste elevane.

Ein tilsett i 1234 og ein frå 567, ein forelder frå 1234 og ein frå 567, og to frå elevrådet er arbeidsgruppe i dette arbeidet. Skulen vel skulerepresentantar. SU/SMU-leiar skaffar foreldrerepresentantar. Frå elevrådet stiller leiar og nestleiar.

Samrøystes vedtak.

Sak 9: Elev og foreldreundersøking på Sæbø skule. Status (har vi hatt/ har vi planlagt/ hva er gjort med resultat osv).

Elevundersøkinga 2015-16 gjennomførte Sæbø skule 8. januar i 5., 6. og 7. Resultata viser vesentleg forbetring frå undersøkinga 2014-15. Tala for dette året er litt betre enn landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Når det gjeld konkrete spørsmål om mobbing ligg skulen 0,1 lågare enn landsgjennomsnittet, men vesentleg betre enn sist skuleår.

Foreldreundersøkinga vert gjennomført kvart andre år, sist våren 2015. Ingen spesielle utslag for Sæbø skule. Resultata av elevundersøkinga vært nytta i dei aktuelle klassane.

Arbeidet med psykososialt miljø, antimobbearbeid, sosial kompetanse.

Skulen nyttar ikkje eit spesifikt program i dette arbeidet, men alle klassar arbeider med klassemiljøet og ulike program vert nytta.

Dette er mitt val (Lions Quest) 1234

Dette er mitt val (567)

Steg for steg, mest i småskulen.

ART, Førebels i 4. og 5.

Småskulen har samling kvar mandag i amfiet. Tema innanfor sosial kompetanse vert presentert og jobba med klassevis.

Storskulen har i år ikkje hatt amfisamling fast på planen, og jobbinga med sosial kompetanse vert ein del av klassane sitt ansvar.

Det vert jobba systematisk med temaet i alle klassar.

Arbeidet med ny plan for sosial kompetanse starta på nyåret, samtidig med oppdatering av handlingsplan mot mobbing. Denne var i si tid laga etter Zero-programmet.

Saka vart teke til orientering

Neste møte 10. mars kl.17:00

Arve Hagesæter
Leiar

Rolf Sandstad
sekretær

Med helsing

Rolf Sandstad
Rektor Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Arve Hagesæter	Radøyvegen 364	5938	SÆBØVÅGEN
Björg Lilletvedt	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Elin Sørlid Hjønnvåg	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Elise H. Skråmestø	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Grethe Jørgensen	Austesundvegen 7	5938	SÆBØVÅGEN
Gunn-Marit Røssland	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Ingvill Taule	Sjoleitet 9	5938	SÆBØVÅGEN
Ivan S. Valdersnes	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Jon Askeland	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Liv Berit Rath	Nordre Austmarka	5938	SÆBØVÅGEN
Randi Herstad Børtveit	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Robert Lorang Hansen	Sæbø skule, Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Rolf Sandstad			
Solveig Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER